



Voss herad

## KONKURRANSEREGLAR

Konkurranse med forhandling  
etter FOA del I og III

for anskaffing av

Rammeavtale for kjøp av elektrikartenester  
Saksnr.: 24/4317

## Innholdsfortegnelse

1	Om oppdragsgivar	4
1.1	Voss herad	4
1.2	Om anskaffinga	4
1.3	Kontaktperson	5
2	Konkurransegrunnlaget	5
3	Konkurransegjennomføring	6
3.1	Kunngjering	6
3.2	Anskaffingsprosedyre	6
3.3	Krav til arbeids- og lønnsvilkår	7
3.4	Klima og miljøkrav, ref. FOA § 7-9	7
3.5	Avgrensing i tal ledd i leverandørkjeda	7
3.6	Skatteattest	7
3.7	Framdriftsplans	7
3.8	Språk	8
3.9	Kommunikasjon	8
3.10	Tilbydaren sine deltagingskostnader	8
3.11	Spørsmål til konkurransegrunnlaget	8
3.12	Rettingar, endring og/eller supplering av konkurransegrunnlaget	9
3.13	Parallelle tilbod	9
3.14	Alternative tilbod	9
3.15	Deltilbod	9
3.16	Avvik fra anskaffingsdokumenta	9
3.17	Tilbakekalling av tilbod	9
4	Særlege kontraktsvilkår	9
5	Konfidensialitet og innsyn	10
5.1	Konfidensialitet	10
5.2	Innsyn	10
6	Det europeiske eigenerklæringsskjemaet (ESPD)	10
7	Kvalifikasjonskrav	11
7.1	Om dokumentasjon	11
7.2	Krav til registrering, autorisasjon m.m.	11
7.3	Krav til økonomisk og finansiell stilling	12
7.4	Krav til tekniske og faglege kvalifikasjoner	12
7.5	Kvalitetssikrings- og miljøleilingssystem	13
7.6	Støtte fra andre verksemder	14
8	Innlevering av førespurnad om deltaking	14
9	Evaluering og avslutning av kvalifikasjonsfasen	15
9.1	Evaluering	15
9.2	Tal leverandørar som vil bli invitert til å inngi tilbod	15
9.3	Avvisning av leverandørar	15
9.4	Melding om avvisning	15
9.5	Klage fra avviste kvalifiserte leverandørar	16
9.6	Frist for krav om mellombels åtgjerd	16
9.7	Invitasjon til å levere tilbod	16
10	Innlevering av tilbod og tilbodsutforming	16
10.1	Innlevering av tilbod	16
10.2	Tilbodets utforming	16

11	Tildelingskriterium	17
12	Evaluering og avslutning av konkuransen	19
12.1	Evaluering	19
12.2	Avvisning av tilbod	20
12.3	Avlysning av konkurranse	20
12.4	Melding om val av leverandør	20
12.5	Klage	20

# 1 Om oppdragsgivar

## 1.1 Voss herad

Oppdragsgivar for anskaffinga er Voss herad.

Voss herad er ein kommune sentralt i Vestland fylke. Kommunen grensar i vest til Vaksdal, i sørvest til Kvam, i aust til Ulvik, og i nord til Aurland og Vik. Voss er hovudsakleg ein innlandskommune og eit trafikknutepunkt, og er med sine 1805 kvadratkilometer ein stor kommune i Vestland.

Sjå <https://voss.herad.no/> for ytterlegare informasjon.

## 1.2 Om anskaffinga

Føremålet med anskaffinga er å inngå rammeavtalar om levering av ulike elektrotenester til Voss herad, avdeling for bygg og eigedom. Oppdragsgivar planlegg å inngå rammeavtale med inntil tre-fem tilbydarar, så framt det ligg føre ei tilstrekkeleg mengd eigna tilbod. Fordelinga av oppdrag mellom rammeavtalepartane vil skje i samsvar med fordelingsmekanismen skildra i dokumentet Rammeavtale tenester.

Rammeavtalane omfattar i hovudsak bistand med tenester innan elektrikarfaget, i samband med til dømes rehabilitering av eksisterande bygg, påbygging, nybygging, ad-hoc-oppdrag og eventuelt mindre investeringsprosjekt.

### Typisk arbeid som vil bli utført under denne avtalen er til dømes:

- Reparasjonar, utskiftingar, oppgradering og utviding av eksisterande elektrisk anlegg
- Installering av nye anlegg
- Servicearbeid innanfor tele og data
- Service dørautomatikkar
- Montering av nye og vedlikehald av eksisterande brannvarslingsanlegg.

### I noko mindre omfang:

- Programmering av utstyr på eksisterande og nye automasjonsanlegg, for eksempel KNX og Dali.
- Termografering
- Elkontroll

### Årlege kontrollar:

- Årlege kontroll av brannvarslings – og nødlysanlegg\*
- Årleg kontroll av UPS\*
- Årleg kontroll av elkjeler \*

\*Oppdragsgjevar vil for kvart år gjennomføre tre minikonkurransar for det årlege volumet av ulike kontrollar, ein konkurranse for kvar av dei tre nemnde områda markert med \* over. Desse

minikonkurransane vert gjennomført tentativt i oktober året før.

Andre tenester som naturleg hører inn under avtaleområdet kan også bli omfatta av rammeavtalen.

Alle tenestene skal utførast til oppgitte timeprisar, jf. Bilag 4 (eller lågare dersom det er tilbydd lågare pris i samband med minikonkurransar)

Oppstartsdato for rammeavtalen er snarleg etter tildeling.

### 1.3 Estimert verdi

Forventa årleg verdi av rammeavtalane er ca. 2 – 7 MNOK ekskl. MVA per år. Øvre grense for uttak over 4 år er 30 MNOK ekskl. MVA. Dei estimerte voluma er ikkje bindande for oppdragsgjivar, omfanget kan variere etter behov, tildelte midlar og interne prioriteringar. Oppdragsgjevar har mellom anna behov for å fornye lysinstallasjonar på grunn av nye EU-krav som gjer at ein må utfase en del lysstøffrør i løpet av dei komande åra.

Samstundes har Voss herad tilsett ein fagansvarleg for elektro, og har planar om å tilsetje 1-2 elektrikarar i løpet av dei neste åra. Dette vil kunne redusere eventuelt uttak på rammeavtalen.

Oppdragsgjevar vil gjere merksam på at ulike fagområde kan bli prioritert på det årlege driftsbudsjettet, slik at uttaket på avtalen kan variere frå år til år, avhengig av kva for område som er prioritert.

### 1.4 Kontaktperson

Oppdragsgjivar sin kontaktperson er:

<b>NAVN:</b>	Gry Loftesnes
<b>STILLING:</b>	Rådgjevar
<b>E-POST:</b>	<a href="mailto:gry.loftesnes@voss.herd.no">gry.loftesnes@voss.herd.no</a>

Eventuelle spørsmål skal rettast til oppdragsgjivar gjennom kommunikasjonsmodulen i konkurransegjennomføringsverktøyet Mercell.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgjivar når det gjeld konkurransen enn nemnde kontaktperson.

## 2 Konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget er delt i to delar. Del I inneheld dokumenter knytt til gjennomføring av konkurransen - prekvalifisering (fase 1) og tilbodsfase (fase 2). Del II inneheld kontrakt med vedlegg (fase 2).

**Del I: (fase 1 og 2)**

VEDLEGG	INNHOLD
Del I	Konkurransegrunnlag (dette dokumentet)
Vedlegg 1A	Svardokument - Kvalifikasjonsfasen (nyttast i fase 1)
Vedlegg 1B	Svardokument - Tilbodsfasen (nyttast i fase 2)
Vedlegg 2	Forpliktingserklæring (nyttast i fase 1)
Vedlegg 3	Mal eigenerklæring teieplikt (nyttast i fase 1 og 2)
Vedlegg 4	Mal Tilbydars avvik (nyttast i fase 2)
Vedlegg 5	Mal Oversikt over relevante oppdrag (nyttast i fase 1)

**Del II: (fase 2)**

Vedlegg	INNHOLD
Del II	Rammeavtale tenester
Bilag 1	Kravspesifikasjon
Bilag 2A	Leverandøren si stadfesting av krav
Bilag 2B	Leverandøren si løysing
Bilag 3	Pris – og administrative bestemmingar
Bilag 4	Prisskjema
Bilag 5	Krav til seriøs leverandør
Bilag 6	Mal konkurransegrunnlag minikonkurranse
Bilag 7	Endringar i den generelle rammeavtaleteksten

## 3 Konkurransegjennomføring

### 3.1 Kunngjering

Konkurransen er sendt for kunngjering i DOFFIN-databasen ([www.doffin.no](http://www.doffin.no)) og TED-databasen ([ted.europa.eu](http://ted.europa.eu)) gjennom konkurransegjennomføringsverktøyet til Mercell, heretter kalla KGV.

Konkurransedokument er tilgjengeleg i KGV frå gjennom link på [www.doffin.no](http://www.doffin.no) samen med kunngjeringa.

### 3.2 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og del III. Konkurransen vert gjennomført som ein konkurranse med forhandling etter føregåande kunngjering, jf. FOA § 13-1 (2).

Denne konkurransen blir innleidd med ein kvalifiseringsfase (fase 1). Alle interesserte leverandørar har moglegheit til å levere ein førespurnad om å delta i konkurransen. Alle tilbydarar som oppfyller kvalifikasjonskrava vil bli invitert til å levere tilbod (fase 2).

Alle inviterte tilbydarar vil få tilboda sine evaluerte (i fase 2). Oppdragsgjevar vil gjera ein reduksjon av tal tilbod basert på tildelingskriteria i forkant av forhandlingane. Tilbydarane med dei tre - fem beste tilboda etter innleiande evaluering vil bli inviterte til forhandlingar. Etter forhandlingane og reviderte tilbod vil endeleg evaluering av dei tilboda bli gjort og kontrakt tildelt.

Oppdragsgjevar har rett til å tildela kontrakten på grunnlag av dei fyrste tilboda utan å gjennomføra forhandlingar, jf. FOA § 23-7 (5).

### 3.3 Krav til arbeids- og lønnsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

### 3.4 Avgrensing i tal ledd i leverandørkjeda

Det vert i kontrakten stilt krav om at leverandørane kan ha maksimalt to ledd i leverandørkjeda under seg.

### 3.5 Skatteattest

Valde leverandør(ar) skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod. Ved byggje- og anleggskontraktar skal også alle underleverandørar levere skatteattest.

### 3.6 Framdriftsplan

AKTIVITET	Fase	DATO	TIDSPUNKT
Kunngjering sendt for publisering i Doffin/TED	1	19.06.2024	
Frist for spørsmål til kvalifikasjonsgrunnlaget	1	31.07.2024	12:00
Frist kvalifikasjonssøknad	1	09.08.2024	12:00
Evaluering av kvalifikasjonssøknader	1	Veke 33	
Melding om avvisning	1	Veke 33	
Invitasjon til å levere tilbod	2	Veke 33	

AKTIVITET	Fase	DATO	TIDSPUNKT
Frist for spørsmål til konkurransegrunnlaget	2	21.08.2024	12:00
Tilbodsfrist	2	30.08.2024	12:00
Evaluering tilbod/ forhandlingar/ revidert tilbod	2	Veke 36-37-38	
Kontraktstildeling	2	Veke 38-39	
Karensperiode	2	10 dagar	
Kontraktsignering	2	Veke 41	
Vedståingsfrist	2	3 månader frå tilbodsfrist	

Det vert gjort oppmerksam på at framdrift etter frist kvalifikasjonssøknad er tentativ og endringar kan gjerast. Oppdragsgjever har feie i veke 27-28-29 og 30, og vil ikkje handtere førespurnader eller spørsmål i denne perioden.

### 3.7 Språk

Alle dokument og all kommunikasjon som omhandlar denne konkurransen skal vera/gå føre seg på norsk. Det vert gjort merksam på at det same kravet også vil gjelda i gjennomføringa av avtalen.

### 3.8 Kommunikasjon

Kommunikasjon skal gå føre seg via kommunikasjonsmodulen i KGV på språk i samsvar til språkkrava i pkt.3.7.

Ingen andre personar enn oppdragsgivars kontaktperson har myndighet til å svara på vegne av oppdragsgivaren i samband med denne konkurransen.

### 3.9 Tilbydaren sine deltagingskostnader

Kostnader som tilbydaren pådreg seg i samband med utarbeiding, levering, og oppfølging vil ikkje bli refundert.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikta oppdragsgivaren til å inngå kontrakt med leverandør, eller involvere oppdragsgjeveren i økonomiske forpliktingar.

### 3.10 Spørsmål til konkurransegrunnlaget

Eventuelle spørsmål tilbydarane måtte ha til konkurransegrunnlaget må fremjast innan fristen oppgitt i pkt. 3.6.

Alle spørsmål vil bli svart i anonymisert form og gjort tilgjengeleg for alle som har registrert

interesse for konkurransen i KGV i god tid før tilbodsfristens utløp.

### **3.11 Rettingar, endring og/eller supplering av konkurransegrunnlaget**

Innan tilbodsfristens utløp har oppdragsgivaren rett til å gjera rettingar, suppleringar og/eller endringar i konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege.

Rettingar, suppleringar eller endringar vil bli gjort tilgjengeleg for alle som har registrert interesse for konkurransen i KGV.

Dersom oppdragsgivaren vurderer at det er naudsynt med utvida tilbodsfrist grunna rettingar, suppleringar og /eller endringar vil dette kommuniserast til alle i KGV.

### **3.12 Parallelle tilbod**

For denne konkurransen vert ikkje parallelle tilbod godteke.

### **3.13 Alternative tilbod**

Det vil ikkje opnast for levering av alternative tilbod i konkurransen.

### **3.14 Deltilbod**

Leverandørar kan ikkje levere førespurnad om deltaking som berre omfattar delar av kontraktens omfang. Det er ikkje høve til å levere deltilbod.

### **3.15 Avvik frå anskaffingsdokumenta**

Tilbod som innehelder vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta vil bli avvist.

Avvik skal opplyst presist og eintydig slik at oppdragsgjevaren kan evaluera tilbodenet utan å ta kontakt med tilbydaren. Avvik skal på ein klår og presis måte referera til relevant vedlegg og punkt i konkurransegrunnlaget og/eller kontrakt

Mal for opplysningar av avvik er inntatt i del I, jf. pkt. 2 over.

### **3.16 Tilbakekalling av tilbod**

Tilbod kan tilbakekallast eller endrast inntil utløpet av tilbodsfristen. Følg rettleiinga i konkurransegjennomføringsverktøyet. Endring av tilbodenet er å rekna som eit nytt tilbod.

## **4 Særlege kontraktsvilkår**

Sjå konkurransegrunnlagets del II (Rammeavtale med vedlegg), herunder seriøsitetskrav.

## 5 Konfidensialitet og innsyn

### 5.1 Konfidensialitet

Informasjon som partane blir kjent med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal behandles konfidensielt, og ikke gjerast tilgjengeleg for utanforstående uten samtykke fra den andre parten. Teieplikta er likevel ikke meir omfattande enn det som følger av forvaltningsloven, jf. lov 10. februar 1967 eller tilsvarende sektorspesifikk regulering, samt etter offentleglova, sjå pkt. 5.2**Feil! Fant ikke referansekilden.** nedanfor.

### 5.2 Innsyn

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og innkjøpsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksmed (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort, er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokså unntak fra innsynsretten i offentleglova. Av disse unntaka er unntaket for innsyn i opplysninger som er underlagt teieplikt i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningsloven § 13. Tilbydarane skal levere ei oversikt over kva opplysningar dei meiner er unntatt innsyn, samt signere eigenerklæring på at oppdragsgivaren er fritt frå teieplikt i forhold til opplysningar som ikke er særskilt identifisert som teiepliktige i tilbydaren si oppling. Mal for dette er vedlagt i del I, jf. Vedlegg 3.

Ved krav om innsyn skal oppdragsgivaren gjera ei konkret og sjølvstendig vurdering av kor vidt opplysningane tilbydaren har lista opp er av en slik art at oppdragsgivaren plikter å nekte innsyn, jf. offentleglova § 29.

Oppdragsgivar er pålagt å følge prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

## 6 Det europeiske eigenerklæringsskjemaet (ESPD)

### 6.1.1 Generelt om ESPD

Leverandøren skal fylle ut ESPD-skjema i KGV, der leverandøren erklærer at det ikke føreligg grunnar for avvisning, og at kvalifikasjonskrava er oppfylt. Skjemaet skal leverast saman med tilbodet.

### 6.1.2 ESPD for underleverandørar/samarbeidspartnerar

Dersom tilbydar ønsker å støtte seg på underleverandørar eller samarbeidspartnerar for å oppfylling av kvalifikasjonskrav skal det også leverast ESPD-skjema for kvar enkelt underleverandør/samarbeidspartner jf. FOA § 17-1 (6).

### 6.1.3 Nasjonale avvisingsgrunnar

I samsvar med ESPD del III: Avvisningsrunner, seksjon D: «Andre avvisningsrunner som er

fastsatt i den nasjonale lovgivingen i oppdragsgiverens medlemsstat»: Dei norske innkjøpsreglane går lenger enn kva som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EUs direktiv om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det vert difor presistert at i denne konkurransen gjelder og alle avvisingsgrunnane i anskaffelsesforskriften § 24-2, inkludert de rent nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande av avvisingsgrunnane i anskaffelsesforskriften § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- § 24-2 (2). I denne regelen er det angitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei oppgitte straffbare forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei oppgitte straffbare førehalda er eit særnorsk krav.
- § 24-2 (3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjelder berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, mens den norske avvisingsgrunnen også gjeld andre alvorlege feil som kan medføre tvil om leverandørens yrkesmessige integritet.

## 7 Kvalifikasjonskrav

### 7.1 Om dokumentasjon

I tillegg til å fylle ut det elektroniske eigenerklæringsskjemaet (ESPD) må leverandøren levere dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava i samsvar med krava under, i første trinn av denne konkurransen ((kvalifiseringsrunden).

### 7.2 Krav til registrering, autorisasjon m.m.

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal vera registrert i eit foretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Norske tilbydarar: Firmaattest.</li> <li>• Utanlandske tilbydarar: Stadfesting på at selskapet er registrert i eit foretaksregister, fagleg register eller eit bransjeregister i samsvar med lovgjevinga i det landet kor tilbydaren er etablert</li> </ul>
<b>Autorisasjon</b>  Leverandøren skal inneha autorisasjonar for installasjon av elektro (El-virksomhetsregisteret), og tele og data (Nkom).	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legg ved utskrift frå register, til saman 2 stk.</li> </ul>

### 7.3 Krav til økonomisk og finansiell stilling

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
<p>Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å handtere kontraktsforpliktelsene.</p> <p>Minstekrav: Kredittverdig utan krav til sikkerheit.</p>	<p>Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemد som har konsesjon til å drive slik verksemد.</p> <p>Eller</p> <p>Leverandørens årsregnskap, årsberetning og revisjonsberetning for de siste tre år og nyare opplysningar (kvartalsregnskaper) som har betydning for leverandørens rekneskapstal.</p>

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgiver har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgiver ser som eigna, for eksempel ved ein morselskapsgaranti, bankgaranti, mv.

### 7.4 Krav til tekniske og faglege kvalifikasjoner

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
<p><b>Erfaring</b></p> <p>Leverandøren skal ha erfaring frå samanliknbare oppdrag.</p> <p>Liknande oppdrag er anten rammeavtale innan elektrikartenester, eller fleire enkeloppdrag av liknande omfang som dei som vert omfatta av denne avtalen.</p>	<p>Skildring av leverandøren sine relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. Skildringa må inkludere opplysningar om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Namn på mottakar av tenesta (kunde/ oppdragsgjevar), med namn på konktakpersonen</li> <li>- Tidspunkt (frå/til)</li> <li>- Kontraktsverdi for leverandøren</li> <li>- Kort skildring av leveransen og kva leveransar leverandøren sto for (type tenester/ oppgåver som vart utført, og leverandøren si rolle)</li> </ul> <p>Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.</p>

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
	<p>Nytt mal for referanseskjema vedlagt som del I vedlegg 5.</p>
<b>Krav til kapasitet og gjennomføringsevne</b> <p>Leverandøren må ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å gjennomføre dei oppdraga som vert omfatta av rammeavtalen innanfor gitte rammer og fristar.</p> <p>Leverandør må disponere over tilstrekkeleg tal fagarbeidrarar til å kunne handtere dei hovudoppgåvene som vert omfatta av denne kontrakten. Med hovudoppgåver er det meint:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Reparasjonar, utskiftingar, oppgradering og utviding av eksisterande elektrisk anlegg</li> <li>• Installering av nye anlegg</li> <li>• Servicearbeid innanfor tele og data</li> </ul> <p>Det er eit krav at leverandøren disponerer over minimum tre elektrikarar med fagbrev og relevant arbeidserfaring, for å handtere kontrakten.</p> <p>Stor ordretilgang, sjukdom eller andre omstende skal ikkje medføre at tenesta ikkje kan leverast. Leverandøren må ha tilstrekkeleg kapasitet til å handtere oppdrag under ferieavvikling, sjukdom og anna fråvær.</p>	

## 7.5 Kvalitetssikrings- og miljøleiingssystem

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
<b>Kvalitetsstyring</b> <p>Leverandør skal ha gode rutinar for kvalitetsstyring</p>	Ei skildring av leverandøren sine metodar for kvalitetsstyring, med vekt på kvalitetssikring, ressursstyring, leiingas ansvar og kontinuerleg analyse og forbetring.

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
	Dersom leverandøren er sertifisert etter ISO 9001 eller tilsvarende standardar vil det vera tilfredsstillande å leggja fram kopi av gyldig sertifikat.
<b>Miljøleiingssystem</b>  Leverandøren må ha system og rutinar som sikrar lav miljøbelastning ved utføring av oppdrag på denne kontrakten.	Ei skildring av leverandøren sine system og rutinar («miljøpolicy») som bidreg til lav miljøbelastning ved utføring av leveransen.  Dersom leverandøren er sertifisert etter ISO 14001, EMAS, Miljøfyrtaarn eller tilsvarende 3. partsverifiserte system vil det vere tilstrekkeleg å leggje fram kopi av gyldig sertifikat.

## 7.6 Støtte frå andre verksemder

Leverandøren kan støtta seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylla krava til økonomisk og finansiell kapasitet, jf. pkt.7.3, og tekniske og faglege kvalifikasjoner, jf. 7.4.

Dersom ein ynskjer støtta seg på kapasiteten til andre verksemder må leverandøren dokumentera at han rår over dei naudsynte ressursane, t.d. ved framlegging av forpliktingserklæring frå desse verksemndene. Mal for slik forpliktingserklæring er vedlagt i del I vedlegg 2. Forpliktingserklæringar skal leverast som del av kvalifikasjonssøknaden.

Dersom ein støttar seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylla krava til økonomisk og finansiell kapasitet, krev oppdragsgjevaren at dei er solidarisk ansvarlege for utføring av kontrakten.

TYPE DOKUMENTASJON FRA UNDERLEVERANDØR	KOMMENTAR
<b>Forpliktingserklæring/samarbeidsavtale</b> (signert) som bekreftar at tilbydaren vil ha rådigheit over de nødvendige ressursane, jf. FOA § 16-10 (2).	Mal for forpliktingserklæring er vedlagt i del I, jf. vedlegg 2. Se også informasjon under.
<b>Dokumentasjon frå underleverandøren</b> på oppfylling av dei kvalifikasjonskrava som leverandør støtter seg på underleverandør for å oppfylle – av dette økonomisk og finansiell stilling eller tekniske og faglege kvalifikasjoner	Gjelder berre dei kvalifikasjonskrava som leverandør støtter seg på underleverandør for å oppfylle – av dette økonomisk og finansiell stilling eller tekniske og faglege kvalifikasjoner
<b>ESPD – Underleverandørar</b>	Utfylt ESPD-skjema – oppsett i KGV

## 8 Innlevering av førespurnad om deltaking

Kvalifikasjonssøknad/førespurnad om deltaking skal leverast i KGV senast innan fristen angitt i

tabellen i pkt. 3.6

Tilbydaren er sjølv ansvarleg for at alle kvalifikasjonskrav vert svart på og dokumentert. Førespurnaden skal bestå av følgande dokumentasjon:

Dokument(er)	Innhold	Mal/vedlegg
<b>Svardokument - Kvalifikasjonsfasen</b>	Førespurnadsbrev med egen forpliktande signatur	Del I Vedlegg 1A Svardokument – Kvalifikasjonsfasen
<b>Dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav</b>	Dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav, jf. Kap 7	Leverandørs egen samt Del I vedlegg 5 Referanseskjema
<b>Forpliktingserklæring</b> <i>Dersom tilbydaren ønsker å støtte seg på underleverandørar</i>	Forpliktingserklæring, samarbeidsavtale som stadfester at tilbydaren vil ha rådigheit over de nødvendige ressursane	Del I vedlegg 2 Forpliktingserklæring
<b>ESPD - Hovudleverandør</b>	Utfylt ESPD-skjema	Oppsett i KGV
<b>ESPD – Underleverandørar</b> <i>Dersom tilbedaren ønsker å støtte seg på underleverandørar</i>	Utfylt ESPD-skjema	Oppsett i KGV
<b>Eigenerklæring teieplikt</b>	Opplysninger tilbydar vurderer som unntatt frå innsyn	Del I vedlegg 3 Mal eigenerklæring teieplikt offentleglova

## 9 Evaluering og avslutning av kvalifikasjonsfasen

### 9.1 Evaluering

Evaluering vil skje på grunnlag av innlevert skriftleg dokumentasjon.

### 9.2 Tal leverandørar som vil bli invitert til å inngi tilbod

Alle kvalifiserte leverandørar vil vert invitert til å inngi tilbod i konkurransen.

### 9.3 Avvisning av leverandørar

Avvisingsreglane i FOA kapittel 24 kommer til bruk. Leverandørar oppfordrast til å gjera seg kjent med desse.

### 9.4 Melding om avvisning

Oppdragsgivaren informerer alle leverandørar skriftleg dersom førespurnaden om å delta blir avvist. Meldinga vil innehalde ein grunngiving for korfor leverandørane ikkje vert sett på som kvalifiserte.

## 9.5 Klage frå avviste kvalifiserte leverandørar

Avviste leverandørar har anledning til å klage på kvalifikasjonsvurderinga. Oppdragsgivaren vil fastsette en klagefrist på kvalifikasjonsvurderinga i meldinga om avvisingsa.

## 9.6 Frist for krav om mellombels åtgjerd

Frist for krav om mellombels åtgjerd mot oppdragsgivar si avgjerd om å avvisa ein førespurnad om å delta i konkurransen, jf. FOA § 24-1 og § 24-2 må setjast frem for tingretten innan 15 dagar rekna frå dagen etter at oppdragsgjevaren har sendt melding etter § 24-10 tredje ledd eller § 16-12 fjerde ledd, jf. FOA § 20-7.

## 9.7 Invitasjon til å levere tilbod

Kvalifiserte leverandørar vil få tilsendt invitasjon til å levere tilbod i konkurransen. Det er berre inviterte leverandørar som skal levere tilbod.

# 10 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

## 10.1 Innlevering av tilbod

Tilbodsfristen går fram av tabellen under pkt. 4.7. Tilbodsfristen er absolutt. For seint innkomne tilbod vil bli avvist. Tilbydar ber all risiko for feil og forbindelsar ved innleveringa.

Komplett tilbod skal leverast elektronisk i konkurransenumføringsverktøyet (KGV) Mercell. Vedlegg lastas opp i pdf-format eller annet alminneleg tilgjengeleg format (xlsx, docx, mv.) Prisskjemaet skal også leverast i Excel.

Det er ikkje nødvendig med elektronisk signatur eller liknande. Det er tilstrekkeleg verifikasjon at tilbydar har signert, skannet og laste opp mal for tilbodsbrev.

Oppdragsgjevar anbefaler at Leverandøren set av god tid til innleveringsprosedyren i KGV.

## 10.2 Tilbodets utforming

### 10.2.1 Generelt

Tilbodet vil vera eit uttømmande grunnlag for evaluering basert på tildelingskriteria.

Tilbydaren er sjølv ansvarleg for at alle tildelingskriterium og andre krav i konkurransen vert svart på og dokumentert.

### 10.2.2 Innhold og struktur

Tilbodet skal som minimum bestå av element som er oppført under:

Dokument(er)	Innhold	Mal/vedlegg
<b>Tilbodsbrev</b>	Tilbodsbrev med forpliktande signatur	Del 1 vedlegg 1 Tilbodsbrev
<b>Eigenerklæring teieplikt</b>	Opplysningar tilbydar vurderer som unntatt frå innsyn	Del 1 vedlegg 3 Mal eigenerklæring teieplikt offentleglova
<b>Avvik</b> <i>Dersom tilboden inneholder avvik frå konkurransegrunnlaget inkl. kontrakt</i>	Eventuelle avvik frå føresegner i konkurransen	Del 1 vedlegg 4 Tilbydars avvik
<b>Tildelingskriterium Pris</b>	Tilbydde priser	Del 2 Bilag 4 Prisskjema
<b>Bilag 2A Stadfesting av oppdragsgivar sine krav</b>	Leverandøren sin stadfesting av at dei absolutte krava i Bilag 1 Kravspesifikasjon vert oppfylt	Del 2 Bilag 2 Leverandøren si løysing, punkt 1 Bilag 2A Stadfesting av oppdragsgivar sine krav, og eventuelle vedlegg som følger av dokumentasjonskrava.
<b>Bilag 2B Skildring av tildelingskriteria</b>	<b>Skildring av løysing av tildelingskriteria</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Klima og miljø</li> <li>• Kvalitet og ressursbruk</li> </ul>	Leverandøren si eiga skildring . Skriv eventuelt inn svar direkte i Bilag 2 Leverandøren si løysing, punkt 2 Skildring av tildelingskriteria

## 11 Tildelingskriterium

Tildelinga skjer på basis av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande kriterium:

TILDELINGSKRITERIUM	DOKUMENTASJON OG INNHOLD	VEKT
<b>Pris</b> Evalueringsprisen består av summen av følgande prisposter, multiplisert med årleg estimert uttak for kvar post (linje): <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nettopris (kostpris) per vare for eit representativt utval produkt</li> <li>• Timeprisar, ulike kategoriar</li> </ul>	Ferdig utfylt Bilag 4 Prisskjema	60 %

TILDELINGSKRITERIUM	DOKUMENTASJON OG INNHOLD	VEKT
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilbydd oppmøtepris på Voss</li> </ul> <p>Sjå Bilag 4 Prisskjema for oversikt over varer og tenester som vi ber dykk prise.</p>		
<b>Klima og miljø</b> <p>Det vert under dette kriteriet gjort ei skjønnsmessig vurdering av rutinar og tiltak som bidreg til å redusere miljøbelastninga ved gjennomføring av kontrakten.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planlegging av logistikk, slik at ein reduserer tal på køyrekilometer, t.d. ved synfaring, under utføring og ved handsaming av byggeavfall</li> <li>• Rutinar for handsaming av ulike typar avfall og sortering</li> <li>• Rutinar og tiltak som kan hjelpe oppdragsgjevar til å gjøre produktval og velje løysingar som reduserer miljøbelastinga, og stimulere til gjenbruk, der det er relevant.</li> <li>• Eventuelle andre relevante klima- og miljøtiltak vil også bli vurdert</li> </ul> <p>Tiltak og rutinar må være konkrete og forpliktande for å få utteljing. <b>Ein kan gjerne nytte relevante døme.</b></p>	Leverandøren si eiga skildring, på inntil 2 A4-sider, skrift minimum 10.  Dersom skildringa er på meir enn 2 sider, vil berre dei to første sidene bli vurdert. Eventuelle lenker og vedlegg vil ikkje bli vurder.	30 %
<b>Kvalitet og ressursbruk</b> <p>Det vil under dette kriteriet bli evaluert på korleis leverandøren vil organisere tilgjengelege ressursar, på ein måte som fører til at det vert levert høg kvalitet på tenestene, samstundes som ein nyttar få timer, på ulike avrop som er aktuelle på denne avtalen.</p> <p>Ulike avrop er alt frå enkle oppdrag, der ein person kan gjøre jobben på kort tid, eller større og meir langvarige oppdrag der det krevst fleire ressursar.</p> <p>Med aktuelle ressursar er det meint fagarbeidrarar og lærlingar osb.</p> <p>Døme på tiltak som kan få utteljing er mellom anna planlegging og organisering av arbeidet, høg bruk av fagarbeidrarar med lang erfaring, og/eller bruk av faste ressursar, bruk av riktig kompetanse, hensiktsmessig bruk av lærlingar, t.d. når det er noko nytt å lære, og/eller når det krevst to ressursar. (Det er ikkje ei føremon for oppdragsgjevar dersom leverandør planlegg å nytte</p>	Leverandøren si eiga skildring, på inntil 1 A4-side, skrift minimum Arial 10, normale margar.  Dersom skildringa er på meir enn 1 side, vil berre den første sida bli vurdert. Eventuelle lenker og vedlegg vil ikkje bli vurdert.	10 %

TILDELINGSKRITERIUM	DOKUMENTASJON OG INNHOLD	VEKT
<p>lærlingar på alle oppdrag, då dette vert svært kostbart, utan at kvaliteten på arbeidet vert betre.)</p> <p>Tiltak og rutinar må være konkrete og forpliktande for å få utteljing. <b>Ein kan gjerne nytte relevante og praktiske døme.</b></p>		

## 12 Evaluering og avslutning av konkurransen

### 12.1 Evaluering

#### 12.1.1 Generelt

Tilbodet, og resultatet av eventuelle forhandlingar, vil være et uttømmande grunnlag for evaluering basert på tildelingskriteria.

#### 12.1.2 Evaluering pris

Evalueringa av pris vert gjort etter ein lineær modell, der tilbodet med lavast pris frå 10 poeng. Resten av tilboda får poeng etter avvik frå lågaste pris.

Modell	Forklaring	Valt
Lineær	Beste pris tildelast 10 poeng. Beste pris * 2 eller høgare tildelast 0 poeng.	<input checked="" type="checkbox"/>

#### 12.1.3 Evaluering av kvalitet

Evalueringa vil det kvalitative kriteriet vert gjort basert på ei skjønnsmessig vurdering av kvart tilbod samanlikna med eit tenkt idealtilbod.

Poengmodellen som vert nytta er ein skala frå 0-10 poeng, basert på følgande mal:

Absolutt modell	
Poeng	Innhold
10	Beste tenkelege tilbod (idealtilbod)
9-8	Godt tilbod, men med enkelte svakheiter i forhold til idealtilboden.
7-6	Svakare enn idealtilboden.
5-4	Mykje svakare enn idealtilboden.
3-2	Svært mykje svakare enn idealtilboden.
1	Så vidt oppfylt minimum for å oppnå karakter.
0	Tilbodets innhald er uakzeptabelt, eller er ikkje mogleg å evaluere

## 12.2 Avvisning av tilbod

Avvisingsreglane i FOA kapittel 24 gjeld. Tilbydarane vert oppfordra til å sette seg inn i desse.

I tillegg skal tilbod innehalde ein utfylt versjon av det elektroniske eigenerklæringsskjemaet (ESPD). I dette skjemaet må leverandøren bl.a. stadfeste at avvisings reglane lista opp i skjemaet ikkje medfører plikt til å avvise tilbodet frå konkurransen.

## 12.3 Avlysing av konkurranse

Oppdragsgivar kan avlyse konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn, jf. FOA § 25-4 (1). Som sakleg grunn vert det mellom anna vist til bortfall av planlagt finansiering, manglande godkjenning frå politisk hold og manglande konkurranse.

## 12.4 Melding om val av leverandør

Etter at val av leverandør er gjort vil alle leverandørar som har gitt tilbod bli skriftleg informert om dette.

Meldinga vil innehalde namn på kven som er tildelt kontrakt samt en utgreiing om eigenskapane og dei relative fordelane tilbodet som er valt, i samsvar med tildelingskriteria i konkurransen, jf. FOA § 25-1.

Meldinga vil også angi tidspunkt for utløp av karensperioden.

## 12.5 Klage

Tilbydarar kan klage på val av leverandør. Dersom oppdragsgivar finner at tildelingsvedtak ikkje er i samsvar med tildelingskriteria kan tildelingsvedtaket bli annullert fram til kontrakt er signert.